

Nr 2-2024, årgang 60

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

Sommar 2024




Foto: Maria Skjæveland

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Ein solvarm maidag med svalande ettermiddagsbyger har me ei lita samtale med leiaren i Nissedal sokneråd, Gerd Irene Sønderland. Gerd Irene fortel at ho trødde barneskorne sine i Kvinnherad i Hardanger. Etter grunnskuleåra heime gjekk ho på Lundeneset vidaregåande skule i Ølen, ein internatskule som blir driven av Misionssambandet, slik som Kvitsund og Drottningborg.



– **I Ølen blei du òg med på aktivitetar på fritida?**

– Ja, der blei eg med i sundagsskullearbeidet, noko som gjorde noko med meg i unge år, trur eg. Eg fekk sjå kor mykje ein får ved å bli med i livet på bedehuset og i kyrkja.

– **Deretter gjekk vegen til Jæren og Sandnes, etter kvart med mann, hus og heim og tre gutar?**

– Ja, frå år 2000 fall mange brikker på plass. Og me har lika oss godt i Sandnes. Eg er glad i kyrkja, og me fekk både gode venner og fin og verdifull fellesskap i Lura kyrkje. Eg synest det har vore godt å kunne engasjera meg, og eg vart leiar i soknerådet då me flytte hit til Treungen.

– **Så veit me at du og dine har budd eitt år i den nye heimbygda di, du er godt i gang som lærar på Tveit skule, og snart er de klare til å flytte inn i nytt hus på Sønderland?**

– Ja, det har blitt mykje nytt det siste året, og naturlegvis gler me oss til å få nytt hus. Elles har eg fått eit godt inntrykk av mykje av det som er i gang i Nissedal sokn, både i kyrkja og på bedehusa. Og eg har tru på at me kan utvikla aktivitetar med liv og engasjement endå betre og få med endå fleire, særleg i barnearbeidet.

–**Du har valt ut ein kjend song som du vil dele med oss?**

–Ja, «Det er makt i de foldede hender» synest eg er ein rik song på mange vis, både i tekst og melodi. Songen fortel så fint at me alltid kan be til Gud. Me skal få vera trygge på at han alltid høyrer oss, og me skal få ha tillit til at me får svar, men kanskje ikkje alltid slik me hadde tenkt. Elles synest eg at Sigvart Dagsland får fram både tekst og melodi med ei særskild fin innleving.

TV

Det er makt i de foldede hender, Norsk salmebok, nr. 631.

Det er makt i de foldede hender. I seg selv er de svake og små.

Men mot allmaktens Gud du dem vender, han har lovet at svar skal du få.

Omkved: Det er svar underveis, engler kommer med bud.

Om de drøyer, det fram dog skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud: Kall på meg, og du hjelpen skal få.

*Du som ber for ditt barn, dine kjære, er i forbønn fra år og til år,
om du tålmodets lekse må lære, himlens bønnesvar engang du får.*

Omkved

Det er makt i de foldede hender når i Frelserens navn du får be.

Og engang når du livsløpet ender, hvert et bønnesvar klart skal du se.

Omkved

Tekst: Trygve Bjørkrheim, 1955 Melodi: Øivind Tønnesen, 1962




ANDAKT

Kva kan vi lære av Andreas?

Apostelen Andreas blir ofte regna som den fyrste lærersveinen Jesus kalla. Han var fyst lærersvein hos døyparen Johannes, men då Jesus kom forbi sa Johannes: «Sjå, Guds lam!». Frå den dagen hadde Andreas blikket festa på Jesus og følgde han.

Likevel var det ikkje slik at Andreas gjekk med skylappar og berre tenkte på Jesus heile tida. Når vi les om Andreas i Johannesevangeliet, ser vi at han alltid har blikket utover og omkring seg. Heile tida knyter han andre menneske til Jesus. Han gjer det frå dag éin. Då finn han Simon, bror sin, fortel om Jesus og tek Simon med slik at han òg får møte Meisteren (Joh 1).



Den neste gongen er når Jesus mettar fem tusen (Joh 6). Då er det nettopp Andreas som leider ein liten gut med to brød og fem fiskar til Jesus.

Tredje eksempel er frå palmesundag (Joh 12). Då er det Filip og Andreas som kjem i kontakt med nokre greske turistar som gjerne vil møte Jesus. Dei går og fortel det til Jesus.

Andreas er oppteken av å knyte omverda til Jesus. Han forstår sjølv kor viktig og god Jesus er i sitt eige liv, og så vil han at andre skal få del i den same gleda. Her har vi noko å lære av Andreas. I staden for å vere sjølvopptekne, kan vi ha som base og utgangspunkt at Jesus elskar oss slik han òg elskar Andreas. Då ligg alt til rette for å dra andre menneske inn i Jesu kjærleik og nærliek. Det kan vi gjere i den daglege praten vi har med kvarandre, når vi inviterer kvarandre med på møte og gudstenester, eller når vi hjelper og støttar kvarandre med forskjellege utfordringar i kvardagen. «Vi elskar fordi han elskar oss først» (1 Joh 4,19).

Lat oss gjere som Andreas; halde oss nær til Jesus og leve slik at våre medmenneske òg kan bli betre kjende med han.

Ragnar Kortner, prest

ME STAKK INNOM

Me stakk innom Ragnar Kortner – som ser tilbake på tida i Nissedal

Ein maidag med lysande blomar og mild ange av syrin i finaste flor møter me Ragnar Kortner, presten vår i Nissedal sokn det siste året. «Det er ei tid for alt», som Forkynnaren seier, av og til ei tid med mange dagar og av til ei tid med færre.

Mange har nok fått med seg at Ragnar og Åshild Kortner har teke avgjerda om å flytte ned att til Grimstad. Og la oss gjere det klart med ein gong. Når dei på nytt vender blikket mot Sørlandet, kan dei trygt få med seg som reiseniste at mange i Nissedal – både unge og eldre – sit att med gode opplevingar frå samarbeid og samvær, frå møte og gudstenester med Ragnar prest, både i glede og i sorg.

Godt samarbeid

– *Kva for tankar gjer du deg når de om ikkje så lenge pakkar og dreg frå prestegarden?*

– Det er nok litt underleg å skulle reise frå ein stad der me har lika oss godt og funne oss godt til rettes, men slik er livet, ein må gjere val, og ikkje så sjeldan er det slik at det er fleire omsyn som må vegast opp mot kvarandre.

Det er i alle fall klart at me har kjent oss varmt velkomne frå fyrste dagen me kom hit. Me har fått gode vener, og me har møtt mange gilde folk. Me reiser rikare her ifrå enn då me kom hit.

– *Kva vil du dele med oss frå samarbeid og samvær i kyrkjelyden?*

– Inntrykket som eg framfor alt sit att med, er gode møte med sindige og positive telemarkingar. Som de veit, var det heilt nytt for meg at eg skulle prøve meg i full prestestilling. Då var det godt å oppleve at folk slett ikkje var opptekne av detaljar, eller korleis det hadde vore før. Nei, her møtte eg folk som var opne og frie og gjerne såg på nye innspel med eit friskt blikk. Framfor alt har eg lært mykje, og eg er takksam både for staben på kyrkjekontoret, soknerådet og alle som er med i det friviljuge arbeidet i kyrkjelyden og i bedehus og forsamlingar. Vidare sender eg stor takk til pastor Rut Stokstad Nielsen for det gode samarbeidet med Frikyrkja, ikkje minst i konfirmantarbeidet. Eg vil òg nemne det gode og gjevande samarbeidet med prestane i Øvre Telemark prosti med prost Asgeir Sele i spissen, ein dyktig og inspirerande leiar.

Utsyn frå prestegarden

– *Kva kjem du i best i hug frå tida i den gamle prestegarden?*

– Å få bu i prestegarden med rike naturopplevingar rett utanfor huset vil me aldri gløyme. Frå stoveglas og veranda eller på turar rett utanfor huset ser me kvar dag Nisser og fjella i skiftande fargar. Ikkje så sjeldan høyrer me yrande fugleliv og får auga på rådyr og elg, hjort og hare, grevling og rev. Eller tenk på for eit privilegium det er å få køyre med bilen på den fine, nye vegen langs Nisser. Å få bu i Nissedal med landskap som på dei finaste postkort gjer noko med ein. Me sit nok att med inntrykk og minne som me vil bere med oss resten av livet.

Møte med bygdefolk

Ragnar stansar opp litt då han får spørsmål om møte med bygdefolk, men her finn han òg snart fram gode minne og lovord:

– Ja, det har vore ei stor glede å få møte menneske i heile Nissedal sokn frå nord til sør. Eg må få nemne at Åshild har fått med seg eit gildt sykurs. I ungdomstida var ho elev på Kvitsund, ein stad ho har mange gode minne frå, og her i Nissedal la det seg til rettes med at ho fekk ny kontakt med gamle vener frå den tida. Både Åshild og eg har òg hatt stor glede av å få vere med i Nissedalskoret eller møte folk på Ungdomshuset til rundar med Quiz, seier Ragnar og smiler før han held fram:

– Møta og gudstenestene på Omsorgssenteret har vore eit høgdepunkt, like eins møte og samtaler med konfirmantane og dei unge på Nattkaféen, ulike opplegg med borna, joleavslutningar i barnehagane og jolegudstenester for skulane.

Vidare vil Ragnar prest gjerne få seie at det har vore rørande å møte så stor tillit i sorgsamtaler og gravferder. I det heile synest han at han i dette året har treft mange gilde, positive og imøtekommende bygdefolk. Sanneleg ingen därleg attest – som me til og med får skriftleg!

Nytt rotfeste i Grimstad

I august vil Ragnar Kortner vere attende som lærar på Drottningborg vidaregåande skule, men denne venda får familien bustaden litt lenger unna skulen. Det ventar nytt hus i landlege og trivelege omgjevnader mellom Bergemoen og Frivoll, litt ovanfor bykjerna i Grimstad.

Utetter sommaren pakkar dei ut kasser og askar i det nye huset. Eit nytt kapittel tek til for Åshild og Ragnar, men òg for borna Hans Christian, Ingrid og Anine når dei kjem heim i helger og feriar. Ragnar og Åshild vil vere med i Fevik kirke. Der er Åshild alt medlem i soknerådet, og her vil Ragnar stundom vere vikarprest eller finne plass på pianokrakken.

Siste gudsteneste i Nissedal kyrkje er sundag 23. juni. Då blir det kyrkjekaffi og me markerer at familien skal reise. Sundag 7.juli avsluttar Ragnar med gudsteneste i Treungen.

Men han ser fram til å kome opp att for å halde konfirmasjonsgudstenester 7. september. Mange vil takke for tida me fekk ha Ragnar og Åshild i Nissedal sokn og ynskje all lykke og signing på vegen vidare. TV.



Sommarkonsert på Fjone, Olsok, 29.juli kl 18.30

Sommarkonsert med operasongar Bjøro Hildebrandt i Bestestøga på Nisser hyttegrend og camping.

Møte på Haugsjåsund grendehus i hausten 2024

Onsdag 25. sept. kl. 19.00: Møte med tale av Ole Bjørn Bjørnsen.

Kollekt og enkel servering.

Onsdag 30. okt. kl. 19.00: Møte med tale av Morten Kravik

frå Israelsmisjonen.

Kollekt og enkel servering.

Treungen Normisjon - Bedehuset hausten 2024

August Torsdag 22. kl.19.00 Møte, Terje Olafsen.
Torsdag 29. kl.19.00 Møte, Arvid Hunemo.

September Torsdag 05. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Torsdag 12. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.
Torsdag 19. kl.19.00 Medlemsmøte.
Onsdag 25. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Ole Bjørn Bjørnsen.
Torsdag 26. kl.19.00 Bøn og samtale.

Oktober Torsdag 03. kl.19.00 Møte, Arvid og Ester Lindal.
Torsdag 10. kl.19.00 Bøn og samtale
Torsdag 17. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Fredag 18. kl.18.00 Basar.
Onsdag 30. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Morten Kravik.

PROGRAM FOR TREUNGEN FRIKYRKJE HAUSTEN 2024

Endringar kan skje. Følg med på heimesida: www.treungenfrikyrkje.no

Juli:

- 10. 11.30 Andakt på NOS-talgi
- 14. 11.00 Utegudsteneste på Odden på Nes
- 24. 11.30 Andakt på NOS-talgi

August

- 07. 11.30 Andakt på NOS-talgi
- 11. 11.00 Gudsteneste m/nattverd
- 20. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 21. 11.30 Andakt og Kaffi på NOS-talgi
- 25. 11.00 Sundagsskulens dag – Nissedal
- 27. Tilsynsbesøk- samtaler og treff
- 28. Tilsynsbesøk – samtaler og treff

September

- 01. 11.00 Sundagsskule for alle. Nattverd, Tilsynsbesøk. Menighetsmøte
- 03. 18.00 Kvinneforening
- 04. 11.30 Andakt og kaffe på NOS-talgi
- 08. 19.00 Husgrupper
- 11. 16.00 Familiemiddag. Grilling
- 15. 11.00 Gudsteneste
- 17. 18.00 Kvinneforening
- 18. 11.30 Andakt og kaffe på NOS-talgi
- 18. 17.30 Friklubb og Lollipop
- 21-22. 9.kl -tur til Fjone med 9.kl
- 22. 11.00 Felles gudsteneste på Fjone
- 24. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 29 19.00 Husfellesskap

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre eller har du spørsmål så ta kontakt med:
Lena Haugsjå: 90685202**

**Alle er velkomne på andakt og kaffi på NOS-talgi (kafeen på omsorgsenteret) onsdagar
11.30 Frikyrkja har ansvar i partalsveker.**

Vil du bli fast givar? Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377

**Treungen frikyrkje sin gavekonto
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

Katolske messer hausten 2024 i Treungen kyrkje

Alle messene er kl. 15.00

25. august
15. september
27. oktober
23. november
25. desember (1. juledag)



Nissedal sundagsskule

Me startar opp med samlinga i Nissedal kyrkje og på bedehuset på sundagsskulens dag sundag 25.august. Her er både små og store velkomne.

Der får du meir informasjon om samlingar utover hausten.

Fjone bedehus

Alle er velkomne til sundagsskulens dag 25.august i Nissedal kyrkje og på Kyrkjebygda bedehus.

Sjå elles FB-sidene for meir informasjon om Damenes og barnearbeidet.

Sundagsskulens dag 25.august kl.11.00




Dette er eit felles arrangement for alle sundagsskulane i kommunen. Det har blitt tradisjon å møtast i Nissedal kyrkje denne dagen. Dette året er det Treungen Frikyrkje som har ansvar for programmet. Lollipop blir med og syng. Ruth held andakt. Etter familiegudstenesta blir det kaffe, saft, kaker og litt leikar. Håpar på finvær, så me kan vere ute.

Felle frikyrkje

Sundag 22.sept. kl.11.00: Møte med tale av Jens Bergsland
Sundag 20.okt. kl.11.00: Møte med tale Ole Bjørn Bjørnsen
Sundag 24.nov. kl.11.00: Møte



Vel møtt!



GUDSTENESTELISTE MED OFRINGAR

Juli

- 07 kl. 18. Treungen
21 kl. 11. Nissedal
28 kl. 12. Tveit kyrkjegard Messe for skaparverket

offer

Kyrkjelydsarbeidet
Maliprosjektet

August

- 18 kl. 11. Treungen
25 kl. 11. Nissedal Sundagsskulens dag

Maliprosjektet
Sundagsskulen i
Telemark

September

- 07 kl. 11. Treungen Konfirmasjon
07 kl. 13. Nissedal Konfirmasjon
22 kl. 11. Fjone Familegudsteneste
Konfirmantane deltek
26 kl. 18. Nissedal Familegudsteneste
Hausifikkefest og 4-årsbok
29 kl. 11. Treungen Familegudsteneste
Hausifikkefest og 4-årsbok

Trusopplæringa
Trusopplæringa
Maliprosjektet

Acta

Trusopplæringa

NB: vert det endringar følg med på heimsida til Nissedal kommune og kyrkja si FB-side

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:

Liv Lia, tlf.: 414 470 19 (Treungen) eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21 (Nissedal)

Fjoneferja går med ekstra avgang, viss det er ønskeleg, når det er gudsteneste i Nissedal kyrkje

FRÅ KYRKJEKONTORET

Prest og kyrkjesta i året som kjem

På grunn av økonomiske utfordringar i bispedømet, vert det vakanse i prestestillinga frå og med 1. august. Frå då av er det prestar i prostiet vårt som kjem og vil vere vikarar til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dette vert utfordrande både for stab og folk flest.

Vi er elles inne i ei tid der kyrkjeverja vår etter ei tids sjukefråver no er tilbake i ei mindre stilling. Sidan det vil ta ei tid før ho kan vere fullt tilbake og i situasjonen med prestevakanse, har soknerådet tilsett Hans-Christian Stana Borstad i 50% stilling som kyrkjeverje frå 1. august 2024 – 31.juli 2025.

Nytilsett kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar i vår, Johnny Vesterdal, måtte diverre melde at han måtte trekke seg frå jobben. Soknerådet har tilsett Leif Arvid Lauvdal i 50% stilling frå 1.5.24 t.o.m. 31.10.24.

Kyrkjesta frå 1.8.24:

Kyrkjeverje: Bente Meyer i minst 40%

Hans-Christian Stana Borstad i 50 %

Kyrkjetenar: Anne Marie Hesmyr Larsson i 50 %

Leif Lauvdal i 50 %

Kantor: Maria Skjvæveland i 60 %

Prestevikarar: Marte Martilla Dybdal 20 %, konfirmantane og Hallvard Jørgensen 40 %

Status for prosjektarbeida i soknet

Bårehuset i Nissedal Arbeida ved bårehuset i Nissedal går mot slutten. Den nye toalett-avdelinga er klar til sommarferien.

Bårehuset i Treungen. Teikningar av planløysing og fasadeendringar av eit større og endra bygg er til godkjenning. Eit prosjekt det er planar om å få gjennomført i 2025.

Når det gjeld kyrkjene, er det tid for å måle dei. Vi har no klare forprosjekt på dei, og det viser seg at vi har støytt på større utfordringar enn vi ana. Difor snakkar vi om to store prosjekt. Vedlikehald av Nissedal kyrkje og Vedlikehald av Treungen kyrkje.

Kostnadene med desse prosjekta vil bli finansiert 50% frå Nissedal kommune og 50% frå nyoppretta bevaringsfond for kyrkjene våre. Kort om dei to prosjekta:

Vedlikehald Nissedal kyrkje omfattar å fornye taket med ny papp og nye lekter (desse er over 60 år gamle) og vedlikehaldsarbeid på kyrkja utvendig før det vert måla. Dei tre portane i kyrkjegardsmuren vert og rusta opp.

Vedlikehald Treungen kyrkje. Her må vi først skifte ut rotne stokkar eller delar av rotne stokkar og gjere vedlikehaldsarbeid på kledning ute før det vert måla. Den nye bevaringsprogrammet for å ta vare på kyrkjene legg og opp til at vi no og kan få bygd universell inngang gjennom våpenhuset.

I løpet av sommaren vert det oppretta eit sekretariat i Trondheim som skal ta seg av bruken av det nye fondet. For oss vert det spanande når vi kjem i posisjon til å få tildelt tilskot. Prosessen er at så fort vi kan melde at vi har prosjekt, er gangen vidare:

1. Invitasjon frå sekretariatet om å sende forprosjekt.
2. I samhandling med kommunen sender vi inn forprosjekt.
3. Så avgjer fondet når vi får tildelt tilskot.
4. Til slutt har vi kome dit at vi kan prosjektere ferdig og starte gjennomføringa.

FAST GIVARTENESTE

Nissedal Soknerådet ynskjer å styrke trusopplæringa for barn og ungdom i kommunen. I dag har vi frivillige med i dette arbeidet, og vi treng fleire. Soknerådet har eit ynskje om å tilsetje ein person som kan arbeidet delvis med trusopplæring. Målet vårt er å kunne ha ein person i 20 % stilling som trusopplærar. Frå første august startar Hans-Christian Stana Borstad opp i 50 % årsvikariat for kyrkjeverje. Etterkvart håpar vi at han gradvis kan arbeide noko med trusopplæring for barn og ungdom i kommunen vår. I samband med dette vil vi oppfordre deg til å bli med som fast givar slik at økonomien vår blir god nok til å dekke lønnsutgifter på om lag 15 %. Slik ordninga er nå, får kommunen litt statlege middel til trusopplæringsarbeid. Desse pengane er også tenkt brukt på lønnsmiddel på sikt. For soknerådet er det meir forutsigbart å ha fast givarteneste, fordi det er pengar som kan budsjetterast på ein lettare måte enn ofringar. I tillegg kan dei som gjev fast til ein organisasjon som kyrkja, få skattelette på gåver inntil kr 25000 på eitt år.

Dersom ein person til dømes gir kr 300,- i månaden til trusopplæring i Nissedal vil dette totalt bli kr 3600,- på eitt år. Denne personen vil kunne få 22% skattelette som utgjer kr 792,-.

Ein kan også gje gåva som eit eingongsbeløp i til dømes juni månad på kr 6000,- Ei skattelette på 22% utgjer kr 1320,- som ein vil få igjen på skatten neste år.

Soknerådet vil oppfordre deg til å bli fast givar i Nissedal sokn. Ein kan gje årleg, kvartalsvis, eller månadleg. Givartenesta kan avsluttast når du måtte ønskje.

Ein kan sjølvsgåt også gje ei enkeltgåve ein eller fleire gonger.

Når du melder inn personnummeret til kyrkjekontoret, vil du få skattetrekk på gåver opptil 25 000 kr pr år. Har du spørsmål, ta kontakt med Hans-Christian Stana Borstad på kyrkjekontoret.

Det vil bli laga eit informasjonsskriv om ordninga.


Takk for bidraget ditt!

Dugnader i mai



Her frå ei pause i Nissedal. Takk for godt oppmøte og for mykje godt arbeid på kyrkjegardane på Felle, i Treungen og Nissedal. Staben takkar!

Klokketårn ved Fjone bedehus Pinsedagsgudsteneste på Fjone bedehus



Det var nesten heilt fullt hus på Fjone bedehus fyrste pinsedag. Men før me gjekk inn på bedehuset, var alle samla på utsida, for ei spesiell markering.

Det nye klokketårnet skulle vigslast. Ja, du las rett: nå kan dei ringe til messe på Fjone også.


Det har vore ein lang prosess frå ideen kom til ein kunne ringe i klokka.

Maroli Mandt fekk ideen

for nokre år sidan. Ho lufta tanken for Knut Bjørn, og han «var med». Kyrkjekontoret og soknerådet blei kopla på, og klokke blei kjøpt. Olav Borstad skaffa tømmer til klokketårnet, og Hans Mikkel Mandt skar det til. For at tårnet skulle stå støtt, måtte det sement til; Hans Mikkel og Bjarne Reime støypte solen og reise tårnet, som Bjarne hadde impregnert. Her har det vore mange i sving, og eit godt samarbeid for å få realisert ein draum. Fyrste pinsedag 2024


blei ferdig klokketårn levert, og Bjarne kunne ringe til høgtid og dåpsgudsteneste på Fjone bedehus. Redaksjonen ynskjer til lukke og håpar det blir kalla til mange samlingar på bedehuset i åra som kjem.

GBR-M



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR. 2

2024

Binders – eit viktig bindeledd i Nissedal

Jau, ein binders kjenner me til, noko dei fleste av oss har bruk for rett som det er, men når ordet dukkar opp med stor B som eit namn, må me nok få tak i nokon som kan forklare meir. Jau, det syner seg at det er eit prosjekt i Nissedal kommune, og ein dag tidleg i juni tek me kontakt med prosjektleiaren for *Binders*, Lena Holskar Sanden.

– Kan du fyrst seie litt om kva prosjektet *Binders* er for noko?

– *Binders* er basert på erfaringane til prosjektet *Ung i Nissedal*. Det er eit treårig prosjekt med økonomisk stønad frå Telemark fylkeskommune gjennom Program for folkehelsearbeid: *Rusfritt, robust og rettferdig*. Så langt har me midlar til å halde prosjektet i gang ut 2026, men me arbeider for at det skal bli eit varig tiltak. Binders er eit bindeledd mellom dei kommunale tenestene; skule, helse, kultur og inn mot fritidsaktivitetar, elevar og dei føresette. Då er det naturleg nok viktig at me knyter gode band mellom dei ulike arenaene.

– Kva vil du nemne som særleg viktig`?

– Då vil eg gjerne nemne at prosjektet vårt har som mål å nå fram til alle elevar i heile Nissedal kommune. Me vil gjerne vere med på å gje alle best mogleg livskvalitet, og me veit at det er viktig for alle å kunne kjenne på ein både meistrar og høyrer med i fritidsaktivitetar. Det syner seg at svært mange i kommunen vår deltek i ulike fritidsaktivitetar, men samtidig veit me òg at det er ein og annan som fell utanfor. Då gjeld det om at me kan nå fram med gode tiltak som passar, det me kallar målretta tiltak. Slik kan me skape trivsel og meistring og hindre at nokon opplever dagar og år med å kjenne seg utanfor. Slik kan me òg vere med på å hindre varig utanforskap.

Vidare har me som mål å finne fram til og bruke gode universelle eller allmenne metodar for å nå kvart einaste barn. Då er det om å gjere at me får til eit godt og trygt samarbeid mellom foreldre, tilsette og dei som driv dei ulike fritidstilboda, sjølvsgå med barnet i sentrum.

– Har de planlagt noko opplegg i sommar?

– Ja, på dei fire første onsdagane i juli vil me stelle til ulike fritidsaktivitetar i Fleir brukshuset. Dette er eit samarbeid mellom Kultur, Integreringstenesta, Frivilligsentralen og Binders. Her har me som mål og få til gilde aktivitetar for ungane, frå 1. til 7.klasse. Då er det viktig at me har aktivitetar som alle kan kjenne på at dei er ein naturleg del av, med andre ord at alle kjenner på at dei er trygge, inkluderte og opplever meistring. Det kan òg nemnast at *Ung i Nissedal* har opplegg for dei som er eldre.

I sommar vil Binders og Integreringstenesta arrangere samkøyring og vere til stades under fotballskulen i Vrådal. På desse dagane meiner me at det er trygt for nokre born å ha med seg ein vaksen som dei kjenner. Med tilbod om skyss vil fleire born kunne få vere med.

– Kva har de på planen for hausten?

– Då kan eg nemne at me kjem saman frå ulike instansar 28.august. Binders vil med dette be inn alle som driv med fritidstilbod til eit nyttig og hyggeleg møte, ein «samskapande kveld», der me får samtala om og drøfta dei sakene, innspela og spørsmåla som me måtte ha for å kunne skape ei best mogleg trygg og god fritid for dei unge. Binders ynskjer òg å få innspel på kva kommunen kan gjere for å gje meir støtte til alle frivillige som driv med fritidsaktivitetar. Dei mange frivillige gjer verkeleg ein stor innsats for borna våre!

Til hausten vil me gjennomføre ei spørjeundersøking for elevane og foreldra/dei føresette for å finne ut meir kva som fører til utanforskap på fritida i Nissedal, og for å finne løysingar på dette.

– Eg er prosjektleiar, men heldigvis har eg mange dyktige menneske med meg på laget, seier Lena til slutt. Og me seier: God sommar og lykke til med det viktige arbeidet til Binders med å knyte gode band!

TV



Victoria Meberg Olsen, Ina Therese Hellesfjord, Marius Vøllestad, Lena Holskar Sanden, Grzegorz Bialecki, Signe Marie Svalestog, Anne Margrethe Espelid og Runa Vee Tveit

Eldrerådet kommande periode



Frå venstre: Camilla Lien Tveit, Lars Arvid Bjørgulfson,

Inger Lise Bakke, Tellef Nygård, Anne J. Berge

Det er nå valt nytt eldreråd for denne perioden, og det er samansett slik:

Leiar: Inger Lise Bakke

Nestleiar: Lars Arvid Bjørgulfson

Medlemer Camilla Lien Tveit, Tellef Nygård, Anne J. Berge

Alle kommunar skal ha eit eldreråd. Alle saker som gjeld eldre skal leggast fram for rådet og rådet kan og ta opp sakar på eige initiativ. 3 av medlemene er valt etter framlegg frå Nissedal pensjonistlag, så det er eit tett samarbeid med pensjonistlaget. Formålet med eldrerådet er å sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre. Dersom du har saker du meiner eldrerådet bør engasjere seg i, så ta berre kontakt med medlemene i rådet eller sekretær for rådet, kommunalsjef Jarle Bruun Olsen (jarle.olsen@nissedal.kommune.no). Men det er viktig å understreke at saker som gjeld enkelpersonar ikkje er saker som eldrerådet kan engasjere seg i. Eldrerådet skal engasjere seg i saker som gjeld eldre som gruppe. Møtepapir til eldrerådet ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside, på same måte som andre utval. Møta til rådet er opne, slik at alle som ønskjer kan kome og vere til stades under møta.

BLI KJENT MED SALMEBOKA

Olav Mosdøl kjem frå Bykle i Setesdal. Olav har jobba som lærar og har og gjeve ut fleire diktsamlingar. Han har og skrive fleire salmar. To av dei har kome med i salmeboka. I den anledning har eg tatt ein tur til han for å få han til å fortelje om ei av dei.

DET SYNG SÅ VAKRE TONAR

Denne salmen skreiv eg i år 2000. Då hadde eg begynt å arbeide meir systematisk med salmetekster. Salmen er ein del av songsyklusen «Tilbake og fram» som eg skreiv for organist og komponist Bjarne Stølen i Vennesla.

Tekstene blei sett saman etter dei gamle kyrkjeledda Kyrie, Gloria, Credo og Sanctus. Dei blei gjevne ut i eit korverk med Bodil Arnesen som solist, og i boka «Missa Millennium» på Luther Forlag. Salmen kom med i fyrsteutkastet til salmebok i 2008 og i Norsk salmebok frå 2013.

Det syng så vakre tonar er ei skildring av ljoset si vandring frå morgen til kveld, og gjev ei påminning om naturintrykk og menneskelivet sin gang frå vogge til grav. For meg er kristentrua noko eg har bore med meg gjennom heile livet. Mor song mykje for oss sysken då me var små, og far forma små stev. I mitt forfattararbeid har eg ynskt å vise dei særmerkte og varierande fasane av livet vårt - gjennom barndom, ungdom, manndom og alderdom.

Melodien er komponert av Bjarne Stølen. Melodien er songbar og tradisjonell og passar godt til ei kveldssalme. Linje 1/3 har eit rytmemønster og linje 2/4 eit anna. Dette er med på skape ein variasjon i melodien.

Stølen har studert komposisjon saman med Johan Varen Ugland. Han er representert i over 20 songbøker i Norden. Han er busett i Øvrebo.

Salmen står i Norsk Salmebok på nr 833

Det syng så vakre tonar gjennom kvelden
når himlens Herre samlar ljoset inn.
Dei siste ljodar dør i avdagsskjelven
og skaparhender lange skuggar bind.

I kveldens røyst det ligg ei stille minning
om Herrens fred til alle han har kjær.
Dei milde strålar er ei kjærlig helsing
til vener som han no vil stige nær.

Ver still mi sjel lat songen min få binde
ein gullan tråd av bøn i himlen inn.
Ver audmjuk sjel så du kan vegen finne
og eige arv der æveljosa skin.

T: Olav Mosdøl, 2000

M: Bjarne Stølen, 2000



NISSEDAL SOKN

Opningstider

tys/tors 9-13. Elles treffetid etter avtale.

Kontoret kan vere ubemanna pga oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

E-post: kyrkjekontoret
@nissedal.kommune.no

Ragnar Kortner, sokneprest

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 97545626

E-post: ragnar.kortner
@nissedal.kommune.no

Bente Meyer, kyrkjeverje

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer
@nissedal.kommune.no

Maria Skjæveland, kantor

Mobil.: 94 06 02 69

Leiar i soknerådet:

Gerd Irene Sønderland

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenarar

Anne Marie H. Larsson
Leif Lauvdal

Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

KIRKENS SOS

TLF 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Dåp

02.06 Ragnhild Stana Borstad. Foreldre: Mari Stana Borstad og Hans-Christian Stana Borstad

Gravferd

12.04 Bjørg Myhra f: 1937. d: 28.03.2024

30.04 Trygve Slokvik f: 1946. d: 20.04.2024

14.05 Elbjørg Slokvik f: 1951. d: 05.05.2024

Fjone bedehus

Dåp

19.05 Ansgar Dahle Thunem. Foreldre: Anne Dahle og Mats Fredrik Vestavik Thunem

Treungen kyrkje

Dåp

18.05 Theodor Rydningen Nordgaard-Tveit.
Foreldre: Ann Kristin Rydningen og Lars-Magne Nordgaard Tveit

18.05

Isabel Isosa Nesblom
Foreldre: Natha Prisca Anleke og Andrew Ketil Nesblom

Gravferd

05.04 Astrid Synnøve Edstrøm f: 1944. d: 26.03.2024

30.04 Geir Dahl f: 1946. d: 17.04.2024

15.05 Gjertrud Gundersen f: 1932. d: 02.05.2024

Felle kapell

Dåp

01.06

Per Martin Hoksrud Pedersen

Foreldre: Astrid Hoksrud Pedersen og Arnt Helge Pedersen

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv. tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON : Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gaver til bladet vert mottekne med takk.

Bladet vert trykt ved Erik Tanche Nilsen trykkeri

Stoffrist neste blad er 30.08. og det kjem ut i vike 39.

EI TALE FOR DEN SOM...HØYRER

Når klokkune gjeve dur

Ei strofe datt ned i hovudet mitt då eg tenkte på det nye klokketårnet på Fjone.: «Når klokkune gjeve dur». Det er tittelen på ei lp-plate med religiøse folketonar frå Telemark som Sondre Bratland gav ut i 1976. Og strofa er henta frå «Kvenne-Karis vise»: *De' æ so vent i Neslandskyrkja når klokkune gjeve dur....*

Nå kan med seie: «Det er so vent på Fjone, når klokka gjeve dur.» Då kan folk samlast for å lytte, syngje og be.

Me har fleire songar og salmar som handlar om kyrkjeklokker. Ei av dei er ei jolesalme: *Kling no klokka, ring og lokka, ring og lokka frå tusund tårn. Tona om frelsa, kalla og helsa, kalla og helsa med fred Guds born.*

Lyden av kyrkjeklokker bryt inn i folks liv og verke som for å seie: «Slepp det du har i hendene for ei stund og kom». Det er ein invitasjon til fellesskap. Ikkje til dugnad, denne gongen, nei, til å sitje ned, ta imot, og viss du vil: bare vere til stades. Eller viss du vil: ta del i song og bøn og lystenning og nattverd.

Det skjer noko med gudshusa i kommunen vår for tida: Nytt klokketårn på Fjone, nesten nymåla kapell på Felle, HC-toalett og vedlikehald av Nissedal kyrkje, og kommande universell inngang og vedlikehald på Treungen kyrkje.

Men- så sluttar vikar-presten vår, utan at det blir tilsett ny prest.

Gjer det eigentleg noko? Er det meining i halde kyrkjer og bedehus i stand og kalle til samlingar i Guds namn? Betyr dette noko for folk i 2024? Er dette bare noko for ein gjeng tradisjonsbundne, stadig meir gråhåra folk? Slike tankar kan ein få også om ein ser på tv-sendte gudstenester frå heile Noreg; ofte lite folk, og mest gamle folk. Har kyrkja spela ut rolla si? Er faktisk Gud avleggs?

Eg kan ikkje svare for deg. Her må nok kvar og ein tenkje for seg. Men alt dugnadsarbeidet som går føre seg knytt til kyrkjer og bedehus i alle delane av Nissedal, tyder på at folk bryr seg, at gudshusa er viktige.

Eg trur ikkje Gud er avleggs. Mykje i verda kring oss er i endring, om Gud står det: «.. *Hos han er det ikkje forandring eller skiftande skuggar*» (Jak.1.17) Så på ein måte kan ein seie at Gud ikkje heng med i tida. Men det er eg glad for. Han er til å stole på. Det han har sagt, står han ved. Medan me menneske fort kan endre synspunkt og fokus i livet etter som vindane snur, representerer Gud stabilitet og noko trygt.

Så er det å håpe at folk vil stemme i med Kvenne -Kari at det er vent når klokkune gjeve dur, ja så vent at ein vil vere med på samlingane også i månadane som kjem, med eller utan vår eigen prest.

GBR-M.





God sommar